

Granvin herad Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saknr
Formannskapet		

Sakshandsamar:	Arkivkode:	Arkivsaknr:
Olav Seim	K2 - S30	14/113 - 10

VARME FRÅ SKOGSFLIS PÅ EIDE I GRANVIN

Vedtaksmynde: Heradsstyret

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel
28.04.2016	Varme frå skogsflis i Granvin 2015-03-09.pdf

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL TILRÅDING/VEDTAK:

- Granvin herad tek rapporten «Varme frå skogsflis på Eide i Granvin» - utarbeidd av Hordaland bioenergi AS til vitring.
- Vidare planlegging og utbygging av fjernvarmenett på Eide no - vert avslutta.

FAKTA:

Granvin herad har mål om å vera langt framme i å nytta lokale resurssar og tenkja miljøvenleg. I 2007 vart dette er forankra i prosjekt «Trebygda Granvin».

Eit av delprosjekta i Trebygda Granvin var å vurdera fjernvarmeutbygging på Eide/Granvin sentrum. Enova støtta prosjektet med kr. 100.000,-.

Hordaland bioenergi AS vart knytt til prosjektet som rådgjevar. Deira foretningssidè er å nytta lokale bioenergiresurssar i småskala anlegg i Hordaland.

Målet med rapporten er:

- Skal Granvin herad setja i gang fjernvarmeutbygging på Eide?
- Fyller utbygginga søknadskriteria for tilskot i tråd med støtteprogrammet «Program fjernvarme i Enova?»

I prosjektet er det identifisert 3 måtar å laga naudsynt varme:

- a) I samarbeid med Moelven Granvin Bruk AS, der dei legg til rette for eit nytt og større anlegg på eigedommen sin for å skaffa varmen som trengst.
- b) Granvin herad får ført opp ein eigen varmesentral på eigedommen til Moelven Granvin bruk AS.
- c) Ombygging/utviding av eksisterande anlegg med overkapasitet ved Granvin Alders og Sjukeheim.

Av desse alternativa var det mest føremålsteneleg å gå vidare med detaljer på alt. A. Kostnader med eigen varmesentral hjå Moelven Granvin Bruk AS (alt. B) og bygga ut eigen varmesentral ved Granvin Alders og sjulkeheim (alt. C) vart etter ei samla vurdering vurdert som ulønsomt.

Ei utbygging av fjernvarme føreset støtte frå Enova sine støtteprogram. Gjennom «Program fjernvarme» gjev Enova støtte til oppbygging av produksjon og distribusjon av fjernvarme frå fornybare kjelder.

I utgreinga er det teke utgangspunkt i varme frå Moelven Granvin Bruk AS sin hovedsentral, og at han vert knytt til nettet på Eide med trasse som kryssar elva fram til hovedavgreining i området vest for Mælandshagen. Derifrå vil nettet greina ut til kundane.

Av planlagd nett vil om lag 105 m vera hovedledning og om lag 510 m vera stikkeleidningar.

Det er i dag god kjel-utrustning i eksisterande fyrrom ved Granvin alders og sjukeheim som vil kunna nyttast til naud- og spisslast. Dette vil kunna redusera investeringa på tilknytning av anlegget hjå Moelven Granvin Bruk AS, då det ikkje er laga eit fullt naudlast-anlegg hjå dei. Grensesnittet mellom varmeleverandøren og kundane går ved tilkoplingstussane på kundesida av varmevekslar – i kundesentralar.

Økonomisk levetid for kundesentralar er rekna til 15 år og for røyrnettet 30 år.

Samla investering totalt:

Investering i kundesentralar	1 400 000
Investering i FV-nett	2 830 000
Investering i spiss og reservelast	2 113 743
Totalt	6 344 243
Tilskot frå Enova	1 903 273
Eiga investering	4 440 970
Tilskot av totalinvestering %	30

Det er lagt opp til 30% investeringsstøtte frå Enova. Det vert ikkje gjeve støtte til berre utbygging av nett. Det må i såfall avklarast med Enova om ein samla søknad med Moelven Granvin Bruk kan utløyse støtte.

Med 30% inversteringsstøtte frå Enova og eit forventa varmesal på 1.48 GWh/år vil dette utgjera 1,01 øre pr. fornybar kWh eller 0,98 kWh pr. støttekrone.

Drift og vedlikehaldskostnader er rekna til 10 ørekWh.

Om det skal vera av interesse for Moelven Granvin Bruk å levera varme frå sitt nett er pris på varme rekna til mellom 60 – 70 øre/kWh - som vi vera fast pris på grunnlast.

Med eit forventa varmetap i snitt på 10%, og at 10% av varmen kjem frå eksisterande varmpumper/spiss/reserve på olje vil dette gje ein gjennomsnittleg varekost på 65.65 øre/kWh.

Med eit nominelt avkastningskrav på 8% før skatt vil det med ein varmepris på 107 øre/kWh gje ein positiv noverdi etter 15 år.

Det er føresett 2,25% prisstigning pr. år og 2 års avdragsfriheit. Med ein varmepris på 107 øre/kWh vil det gje eit positivt årsresultat etter 3 år, mens det med ein varmepris på 102 øre/kWh vil det gje eit positivt resultat etter 7 år.

Til samanlikning er prisen på elektrisk kraft, inkludert avgifter og Hardanger energi si nettleige i området på 100 til 105 øre/kWh.

VURDERING:

Rapporten frå Hordand bioenergi føreset at hus som alt er tilrettelagde for vannboren varme vert kopla til nettet frå dag 1. Dette gjeld Sjukeheimen, Mælandshagen, Heradshuset og eine bygget til Granvin bustadstifting. Dei andre kjem til etter kvart som stasjonsområde vert bygd ut.

Det er ikkje den store skilnaden i pris på elektrisk kraft og varme frå skogsflis. Såleis gjev rapporten eit grunnlag for å kunna starta vidare prosjektering og utbygging på Eide.

Men som rapporten viser er føresetnaden eit samarbeid med Enova om støtte og Moelven Granvin Bruk som varmeleverandør.

Moelven Granvin Bruk AS har i dag ein varmesentral som har kapasitet på «gode dagar», men er ustabil og gjev ikkje stabil varmelevering. Moelven Granvin Bruk planlegg at noverande varmesentral skal halda i minst 5 år framover før dei tek investering i nytt anlegg. Moelven Granvin Bruk har i dag kapasitet til å forsyna sine anlegg med varme. Dei ynskjer ikkje no å kopla til andre kundar.

Å byggja ut fjernvarmeanlegg på Eide i dag - i påvente av at Moelven Granvin Bruk skal fornya sin varmesentral, vil føra til at ein ikkje vil motta tilskot frå Enova. Dermed er det ikkje økonomi til å gjennomføra prosjektet.

Dette er bakgrunnen til at rådmannen tilrår at ein **ikkje** går vidare med prosjektering og utbygging av fjernvarmenett på Eide.